



Kom og ver med på strandrydding laurdag frå kl. 14. (Arkivfoto frå ryddinga 2018).

Uskedal Båtlag og Uskedal Utvikling inviterer til strandryddeaksjon laurdag 13. april med frammøte i Båthamna kl.14. Alle med båt vert oppmoda om å møta fram for utlevering av grønne sekker. Audun Eik er Båtlaget sin koordinator. Gunn Mari Moberg frå Uskedal utvikling lovar kaffi og noko å bita i for dei som vert med. Den nye strandstova er samlingsplassen.

Strandsryddeaksjonen i Kvinnherad er lagt til perioden 8. - 15. april. Då vert det i regi av SIM og andre friluftslagsorganisasjonar gjort eit krafttak for miljøet. SIM oppmodar alle om å rydda stranda og vassdrag,- langs vatn, bekkefar og elva. Konteiner er plassert ved Gamleskulen.

Strandryddinga startar på laurdag, men det er viktig å få fram at ryddinga held fram i vekene framover. Kom og hent sekker og legg inn rydding i ditt nærrområde når det høver. Desse institusjonane og gruppene vert særleg utfordra til rydding:

- Bondelaget ryddar det som kan vera av balleplast langs vegen og på eige område
- Elveeigarlaget ryddar langs elva
- Burettslaga (Korsnes, Halsabrotet, Skårhaug, Geilo, Ospelunden) ryddar i sine buområde
- Styret i Uskedal Friluftslag ryddar Steneplassen
- Skulen og barnehagen ryddar i nærrområde og ved Kunstgrasbanen
- Alle, som driv næring, ryddar sine areal

Det er von om at Lerøy Sjøtroll ryddar i stranda rundt Skorpo, slik dei har gjort før. Det er også vanleg med organisert rydding og borttransport av søppel på Snilstveitøy og Skorpo i regi av SIM.

Grønne sekker kan hentast i Båthamna og på SPAR.

Kom og ver og gjer ein innsats for ei reinare bygd og ei rydda strand. Som i fjor er det høve for fotballag og andre grupper til å vera med på organisert rydding mot betaling. Påmeldig og registrering til SIM.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Strandstovo i båthmana er samlingsplassen på laurdag frå kl. 14. Her vert det kaffi og enkel servering.